

## Vinje Løypelag årsmøte på Haugsæl søndag 16. februar 2020

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var 11 fram møtte til møtet, og ingen merknader. Møtet er rett innkalla og vedtaksføre.

2. Rekneskap og årsmelding. Fastsetjing av kontingent.

Øystein H las opp årsmeldinga og la fram rekneskapet for 2019. Laget har bruka mykje pengar til graving av løypetrasear. Vinje kommune ser heldigvis det positive med skiløyper og har auka tilskotet til løypelaget monaleg. Samstundes ser ein at utgifter til drift aukar, særleg når løypelengda blir lengre.

Rekneskapet vart godkjent og syner eit overskot på kr 40443,35. Øystein H syter for søknad om mva. kompensasjon for 2019. Årsmøtet vel same medlemskontingent for 2021: kr 360,-

3. Utvikling og rydding av løypenett.

Det prioriterast framleis graving av løypetrasear. Om mogeleg setje av noko til utskifting av trakkemaskin. Gjere løypeavtaler på Kostveit med hyttevelet der. Rundløype til Birkjebekk. Ein lyt prøve med dugnadsrydding til sommaren.

4. Val.

Attval av styret ved akklamasjon. Du kan finne styremedlemslista til Vinje Løypelag i Brønnøysundregisteret.